

ALVER KOMMUNE  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

---

|                         |                        |
|-------------------------|------------------------|
| <b>Dato</b>             | 19.01.2023             |
| <b>Vår referanse</b>    | 2022/94873-6           |
| <b>Dykkar referanse</b> |                        |
| <b>Sakshandsamar</b>    | Sigrun Wølstad         |
| <b>E-post</b>           | Sigrun.Wolstad@vlfk.no |
| <b>Telefon</b>          | 96944535               |

**Kulturminnefagleg fråsegn - dispensasjon frå kommuneplan - ny veg - gnr. 56 bnr. 17 - Alver kommune**

Vi viser til brev datert 18.11.2022 med søknad om dispensasjon for opparbeiding av ny veg på gnr. 56, bnr. 17, og til vårt brev datert 14.12.2022 med varsel om kulturhistorisk synfaring. Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regional kulturminnemynde.

**Om undersøkingsplikta i kulturminnelova**

Arkeolog frå Vestland fylkeskommune var på synfaring i det gjeldande arealet 10.01.2023. Potensialet for nye funn av automatisk freda kulturminne innanfor traseen vart vurdert å vera lågt. Vi finn det ikkje naudsynt å gjera ytterlegare arkeologiske undersøkingar i området.

**Vurdering av dispensasjon**

Hundvin i Alver er eit område med nasjonale kulturminneverdiar. På garden er det kjend fleire gravhaugar (Askeladden id. 144952, id. 144953 og 144950), og det funne fleire gjenstandar frå førhistorisk tid. Delar av den omsøkte vegen er vist innanfor omsynssona og i den Den Trondhjemske postveg som har nasjonal kulturminneinteresse. Vegfaret der postvegen ligg i dag er truleg førhistorisk, då det var vanleg å legge gravminne ved viktige ferdselsårer. Samla sett er gravrøysene og postvegen del av eit større kulturmiljø med høg verne- og opplevingsverdi, som det er viktig å bevare.

Vegen er vist sør for gravminna og omfanget er avgrensa, vi kan derfor godta omsøkte trase, men det skal takast omsyn til postvegen slik at inngrepet blir så lite som mogleg. Det er elles positivt at ein ynskjer å ivareta steingarden. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, men vi viser til Statens vegvesen sitt fråsegn datert 14.12.2022.

Med helsing

**Karoline Hareide Breivik**  
leiar  
KFO - Arealplan (Førde)**Sigrun Wølstad**  
seniorrådgjevar  
KFO - Arealplan (Førde)*Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift*

